

Trygg og framtidsretta



Innovasjonsstrategi

Vedtatt av kommunestyret 9. desember 2014



Time kommune

Innhald

1 Innleiing	4
2 Kvifor innovasjon	5
3 Innovasjonsmetoden vår	5
4 Radikal innovasjon - prosjekt for innovasjon i tenestene	6
5 Kvardagsinnovasjon	7
6 Rollar i innovasjon	8

Vedtak kommunestyret 9. desember 2014 Sak 66/14

Forslag til vedtak:

Innovasjonsstrategien for Time kommune vert godkjent

Time kommunestyre

Forslaget vert samrøystes vedtatt.

KS-066/14 Vedtak:

Innovasjonsstrategien for Time kommune vert godkjent



1 Innleiing

Time kommune har sidan 2012 hatt mål i økonomiplanen om innovasjon i tenesteutviklinga. I 2013 gjennomførte kommunen åtte innovasjonsprosjekt og opplæring i innovasjonsmetodikk. I 2014 vart åtte nye prosjekt utvikla og gjennomførte, og tidlegare prosjekt vart følgde opp og implementerte i drifta. Eit hovudfokus i arbeidet med innovasjon har vore at innovasjonskultur og innovasjonsleiing skal innarbeidast heile organisasjonen. I juni kvart år vert det gjennomført ein innovasjonsdag der nye prosjekt og resultatet av tidlegare prosjekt vert presenterte. Strategien for innovasjon klargjer grunnlaget for innovasjonsarbeidet og peikar ut kursen for den vidare satsinga på innovasjon i Time kommune.



2 Kvifor innovasjon

Time kommune sin visjon er trygg og framtidsretta. For å oppretthalda eit trygt tenestetilbod må tenestene utviklast og tilpassast dei behova brukarane til ei kvar tid har. Dette krev fleksibilitet og nytenking i den kommunale organisasjonen. Etterspurnaden etter tenester og forventingane til kommunal service vert stadig høgare. Med sterk vekst i befolkninga, stram kommuneøkonomi og utfordringar med å rekruttera nok fagfolk må kommunane finna nye måtar å løysa oppgåvene på. For å vera ein økonomisk veldreven og attraktiv kommune å bu, arbeida i og besøka også i framtida må Time kommune skapa nye, innovative løysingar.

Dette ønskjer me å få til:

- Skapa gode tenester med fokus på brukarane sine behov
- Finna nye løysingar som vert tatt i bruk og tilpassa organisasjonen til dei
- Skapa ein innovasjonskultur med rom for refleksjon og nytenking
- Iverksetja innovasjonsprosjekt som gjev kvalitet for innbyggjarane

3 Innovasjonsmetoden vår

I Time brukar me BLT – behov-løysing-testing – som innovasjonsmetode. Me startar med å finna ut kva som er det eigentlege behovet. Så finn me ut om me kan laga løysingar som dekkjer behovet. Til slutt testar me løysingane ut.

Dei fem fundamenta

For å kunna lukkast med innovasjonsprosjekt må me avklarafem fundament:

- 1)Behov: kva er det eigentlege behovet brukaren har?
- 2)Løysingsverdi: er det fleire fordelar enn ulemper med løysinga?
- 3)Pådrivar: kven er genuint opptatt av å lukkast med prosjektet?
- 4)Team: arbeider teamet mot same målet som pådrivaren?
- 5)Forankring: kven må involverast for at me skal få prosjektet til?

Innovasjon kan vera ein risikofylt prosess der feil oppstår og gjev læring. Derfor krev innovasjon godt leiarskap, rom for å feila og tryggleik til å gå nye vegar. I Time kommune vil me ha ein innovasjonskultur som gjev rom for nytenking, prøving og feiling, og der me gjer kvarandre gode.



4 Radikal innovasjon

- prosjekt for innovasjon i tenestene

Kvart år vert det etablert overordna innovasjonsprosjekt der forventninga er at radikal innovasjon skal skje. Prosjekta går på tvers og ut av organisasjonen og skal finna løysingar på område der kommunen har særlege ressursutfordringar. Prosjekta er forankra i dei overordna politiske prioriteringane i økonomiplanen.

Dette ønskjer me:

- Innovasjonsprosjekta skal utfordra båstenking og skapa synergi på tvers av organisatoriske skilje
- Innovasjonsprosjekta skal vera fokuserte og fristilte frå vanetenking
- Innovasjonsprosjekta skal finna heilt nye løysingar som kan vera ein slags “kvantesprang” for tenesta
- Innovasjonsprosjekta skal setja Time kommune på kartet som ein dynamisk og attraktiv kommune å jobba i

Dette vil me gjera:

- Oppmoda heile organisasjonen til å komma med framlegg til innovasjonsprosjekt kvar haust
- Prosjekta vert prioriterte i økonomiplanen for kvart år
- Prosjekta vert etablerte, utvikla og presenterte første halvår, og testa og vurdert vidareførte andre halvår.
- Me brukar BLT som metode for å utvikla prosjekta.
- Det går fram av årsrapporten kva prosjekt som er testa ut og kva prosjekt som skal vidareførast

5 Kvardagsinnovasjon

Time kommune ønskjer å ha ein innovasjonskultur, der kvar leiar og medarbeidar i møte med brukaren ser muligheiter til å endra og betra tenestene i kvardagen. Kvardagsinnovasjon veks ut frå det faglege, som noko nytt eller ei vidareutvikling, som stort og smått. Gjennom å synleggjera dei små, men viktige stega som vert tatt i kvardagen, skapar me læring i organisasjonen. Dette bidreg til innovasjonskultur og kvardagsinnovasjon.

Dette ønskjer me:

- Synleggjera kvardagsinnovasjon som skjer i organisasjonen
- Gje medarbeidarar faglege utfordringar og høve til å tenkja kreativt i eigen arbeidssituasjon

Dette vil me gjera:

- Innovasjonsrom på intranettet til inspirasjon og læring
- Forteljingar frå kvardagsinnovasjon på innovasjonsdagen
- Innovasjon skal vera tema i utviklingssamtalar med medarbeidarar
- Inspirasjonsforedrag for tilsette ved dei som har drive innovasjonsprosjekt



6 Rollar i innovasjon

Politikarar:

Har det overordna ansvaret for prioritering av større innovasjonsprosjekt i økonomiplanen, og for å vurdere resultata av innovasjonen i årsrapportsamanheng.

Rådmann:

Har ansvar for å føreslå aktuelle område for innovasjon, og ansvar for at det er ein innovasjonskultur i organisasjonen. Rådmannen skal vera drivkraft for innovasjon og følgja opp, motivera og vidareføra innovasjonsprosjekta og kvardagsinnovasjonen som vert sett i gang.

Leiarar:

Har ansvar for å synleggjera tema for innovasjon, og for å heia på og dela gode idear og nye løysingar som kvardagsinnovasjonen gjev i tenesta. Leiarane skal vera innovasjonsleiarar, som ser muligheiter på tvers av tenester og som oppmoder til tenesteutvikling og gjev rom for å prøva og feila.

Medarbeidarar:

Alle som jobbar i Time kommune har ansvar for å sjå brukarane sine behov, vurdere tenesteytinga opp mot desse og ta initiativ til betre og meir effektive tenester.





Time kommune